



Kunnskapsdepartementet

[postmottak@kd.dep.no](mailto:postmottak@kd.dep.no)

Vår referanse:15/573    Dykkar referanse: 13/3231    Sakshandsamar: GS    Dato: 20.08.15

## Høyring – forslag til endringar i Forskrift om rammeplanen for grunnskulelærarutdanning.

Høgskulen i Volda (HVO) syner til Kunnskapsdepartementets brev datert 22. mai 2015 med forslag om endringar i Forskrift om rammeplan for grunnskulelærarutdanningane om forlenga frist for å tilby eksamen etter rammeplanen for allmennlærarutdanninga fram til 31.12.17.

HVO syner til at alle studentar som fekk opptak til allmennlærarutdanninga i 2009 fekk brev om at dei måtte fullføre utdanninga si innan 31.12.2015. Høgskulen har rettleia studentane på allmennlærarutdanninga som ikkje har fullført, i tråd med denne informasjonen. Mange studentar har vendt seg til oss med førespurnader knytt til fullføring. Nokre studentar har fått melding om at dei ikkje rekk å fullføre utdanninga si innan fristen 31.12.2015 og har gjort sine val ut frå denne informasjonen. Å endre reglane så seint fører dermed til ulik handsaming av studentane.

I forslaget til endringar er det anten noko som er sjølvmotsigande eller det er uklart. I siste setninga på første side står det:

«Departementet forslår dermed å åpne for at institusjonene kan tilby eksamen etter rammeplanen for allmennlærarutdanningen i ytterligere to år. Vi understreker at denne endringen ikke gir studentene en rett til å ta eksamen etter tidligere rammeplan.» (vår understreking)

Nedst på side to står det:

«Dersom ingen andre tilbyr eksamen i dette emnet, fordi de ikke har studenter som mangler eksamen i det, plikter den institusjonen der studenten er tatt opp å sørge for at studentene får oppfylt rettighetene sine.» (vår understreking)

HVO ser ikkje samanhengen mellom desse to setningane og vi er usikre kva dette inneber for studentane og for oss. HVO støtter derfor ikkje dei føreslegne endringane i Forskrift om rammeplan for grunnskulelærarutdanninga.

Med helsing

Jacob Kjøde jr.  
høgskuledirektør

Gonnie Smit  
studiedirektør